



## MØTEPROTOKOLL

---

Utval Kommunestyret  
Møtestad: Rådhuset  
Møtedato: 27.04.2017

---

Start kl.: 08.30 med temamøte om Kostraanalyse på føremiddag. Møtestart for handsaming av sakene kl.13.00.  
Slutt kl.: 15.00

### Til stades på møtet

#### Medl.:

#### Forfall:

#### Varamedl.:

#### Frå adm. (evt. andre):

Knut Stokkenes, (Knut Hauge deltok ikkje i sak 12-16.)

Grethe Kristin Leirdal

På temamøtet om kostraanalyse møtte einingsleiarar, tillitsvalde og hovudverneombod i kommunen. Innleiar: Håvard Moe frå KS konsulent AS.

Under handsaming av sakene på saklista møtte rådmann Jarle Skartun, politisk sekretariat v/Anita Bjørk Ruud.

I sak 21 møtte leiar i kontrollutvalet Anders Bolstad og frå Deloitte Merete Solheim Larsen.

**Møtet var kunngjort i lokalavisa og på kommunen si heimeside.**

**Medlemene hadde ikkje merknad til innkalling og sakliste.**

**Rapportar omtalte i temamøtet vert publisert på kommunen si heimeside.**

**Kommunestyret fekk framlagt KS konsulent sin kostraanalyse.**

### SAKLISTE

Saksnr.	Tittel
12/17	17/1651 <b>Godkjenning av møtebok</b>
13/17	17/926 <b>Årsmelding 2016, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, eldrerådet og brukarutvalet for samhandlingsreforma.</b>
14/17	16/1580 <b>Detaljreguleringsplan for Sandal, Hafslo</b>
15/17	16/1356 <b>Solsida hyttefelt - infrastruktur - godkjenning av avtale</b>
16/17	17/1595 <b>Lustrabadet KF - val av styrerepresentantar, vararepresentantar, styreleiar og nestleiar</b>
17/17	16/3465 <b>Årsrapport 2016 for Luster kommune</b>

- 18/17            17/1669  
**Lustrabadet KF - årsrapport 2016**
- 19/17            17/1523  
**Høyring - endringer i rutetilbudet med ekspressbåtane  
Sogn – Bergen**
- 20/17            17/1517  
**Referat- og drøftingssaker**
- 21/17            16/4061  
**Forvaltningsrevisjon av økonomi- og prosjektstyring.**

**Underskrifter:**

Vi stadfester at det som er ført i møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Møteprotokoll er sendt til:

Medlemene, varamedlemer, rådmann, revisor, kontrollutvalet, biblioteket i kommunen, lokalavisa, NRK-Førde og Luster radio.

12/17

### **Godkjenning av møtebok**

#### **Handsaming:**

Det var ikkje merknad til møteboka.

#### **VEDTAK:**

Møteboka frå møtet den 17.02.17 vert godkjent.

Ingar Norberg og Per Steinar Sviggum vart valde til å skrive under på møteboka.

13/17

### **Årsmelding 2016, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, eldrerådet og brukarutvalet for samhandlingsreforma.**

#### **Handsaming:**

Tilråding frå råda vart samrøystes vedteke.

#### **VEDTAK:**

Kommunestyret tek årsmelding frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, eldrerådet og brukarutvalet for samhandlingsreforma for 2016 til orientering.

14/17

### **Detaljreguleringsplan for Sandal, Hafslo**

#### **Handsaming:**

Karita Nes gjekk frå som ugild, grunna nær familie til tiltakshavar.

Ivar Kvalen tok opp spørsmålet om sin habilitet, som grunneigar av naboeigedommen.

Kommunestyret hadde ikkje merknad til at han sa seg gild til å delta i handsaminga.

Plan- og forvaltningsstyret si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### **VEDTAK:**

I medhald av § 12-12 i plan- og bygningslova, vedtek Luster kommunestyre detaljreguleringsplan for Sandal, Hafslo. PlanId 1426-2016006.

15/17

### **Solsida hyttefelt - infrastruktur - godkjenning av avtale**

#### **Handsaming:**

Ivar Kvalen og Ernst Veum gjekk frå som ugilde, grunneigarinteresser.

Marit Aakre Tennø leia møtet under handsaming av saka.

Marit Aakre Tennø informerte om formannskapet si handsaming av saka, der dei tilrår at avtale dat. 24.04.17 blir godkjent.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**VEDTAK:**

Luster kommune vil byggja ut hovudnettet for vatn og avløp slik at hyttefeltet Hamregåta kan koplatt til kommunalt leidningsnett.

Luster kommunestyre godkjenner utbyggingsavtale mellom Solsida hyttefelt og Luster kommune datert 24.04.2017.

Kommunestyret godkjenner kostnadsoverslag på kr.900 000 til VA - anlegg. Investeringar vil bli finansiert av rammeløyving VA for 2017.

Kommunestyre yter eit tilskot på 40% av utbyggingskostnadane/oppgraderingskostnadane for Modvovegen, inntil kr. 200.000,-, av dokumenterte kostnadar. Tilskot til veg vil bli finansiert av næringsfondet.

16/17

**Lustrabadet KF - val av styrerepresentantar, vararepresentantar, styreleiar og nestleiar**

**Handsaming:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**VEDTAK:**

Kommunestyret vel følgjande i styret for Lustrabadet KF:

Styremedlemer:

Anja Fardal. (2 år)

Per Steinar Sviggum. (2 år)

Val av styreleiar:

Ingar Norberg. (1 år)

Val av nestleiar:

Anja Fardal (1 år)

Varamedlemer i prioritert rekkefølge:

1. Britt Dagrund Brugrand (1 år)

2. Arne J Hauge (1 år)

3. Stein Olav Njøs. (1 år)

17/17

## **Årsrapport 2016 for Luster kommune**

### **Handsaming:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **VEDTAK:**

1. Kommunestyret tek rådmannen sin årsrapport for 2016 til orientering.
2. Kommunestyret godkjenner rekneskapen for Luster kommune for 2016. Overskotet/det rekneskapsmessige mindreforbruket kr 7.434.574,40. vert overført til disposisjonsfondet.

18/17

## **Lustrabadet KF - årsrapport 2016**

### **Handsaming:**

Styret i Lustrabadet KF si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **VEDTAK:**

Kommunestyret godkjenner årsrapport og rekneskap 2016 frå Lustrabadet KF, jf. § 8 i vedtektene til Lustrabadet KF.

Rekneskapsmessig mindreforbruk 2016 kr. 461.924,18 vert tilført Lustrabadet KF sitt disposisjonsfond.

19/17

## **Høyring - endringar i rutetilbodet med ekspressbåtane Sogn – Bergen**

### **Handsaming:**

Ordførar si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **VEDTAK:**

Luster kommune har følgjande høyringssvar:

Rapporten «Utgreiing om endringar i rutetilbodet for Sognebåten» er utarbeidd på oppdrag av Sogn regionråd. Tiltaka i rapporten er basert på undersøkingar, analysar og arbeidsmøte mellom involverte aktørar. Sogn regionråd har samarbeidd med Visit Sognefjord og næringa for å finna gode tiltak.

Reiselivet er verdast største og raskast veksande næring, og i sogneregionen har det vore ei solid auke i talet tilreisande sidan 2013. Prognosane for vidare vekst er gode. Det er venta 5-15 prosent årleg vekst i reiselivet og den framtidige veksten må kome i skuldar- og vintersesong. Endra endestogg til Flåm vil binde Oslo-Sogn-Bergen sterkare saman også om vinteren.

For å leggja til rette for vidare trafikkauke er det avgjerande at vi har både heilårsrute og sommarrute. Luster kommune meiner ei utviding av vinter- og heilårsruta til å bli eit turistprodukt er einaste utveg for å sikre innbyggjarane i Sogn og Bergen ei båt rute til/frå Sogn-Bergen i framtida.

Det vert lagt opp til at næringa finansierer utvida sommarrute med to månader (april og oktober). For heilårsruta blir fylkeskommunen bedne om å finansiera driftskostnadane i inntil 5 år, medan næringa dekker marknadsføring og sal. Realistisk scenario viser at heilårsruta med endestopp Flåm vil gå med overskot i 2021.

Luster kommune meiner ei utviding av vinter-/heilårsrute med Flåm som endestogg er svært viktig samferdsletiltak om regionen skal lukkast med reiseliv heile året og for å sikra innbyggjarane i Sogn og Bergen ei båt rute til/frå Sogn-Bergen i framtida.

20/17

## **Referat- og drøftingssaker**

### **Handsaming:**

### **Informasjon:**

I møte den 15. mars gjorde formannskapet følgjande vedtak i sak 22/17:

«Luster kommune set fram krav om konkurs i Tørvis Eigedom AS.

Ordføraren godkjenner utforming av kravet.

Formannskapet sitt vedtak er gjort i medhald av kommunelova §13.»

Kommunestyret hadde ikkje merknad til informasjonen.

Leiaren i kontrollutvalet Anders Bolstad informerte kommunestyret om at kontrollutvalet vil prioritere ein forvaltningsrevisjon på Sogn Barnevern, handsaming av saker frå Luster.

Kontrollutvalet har stilt seg spørjande til at Sogndal kommune har gått vidare med saka om Sogn Barnevern via ei gransking utan å involvere dei andre kommunane/kontrollutvala.

Temamøte: Kommuneøkonomien-Kostraanalyse. (08.30-12.00)

KS-konsulent v/Håvard Mo la fram Kostraanalysen der han har gjort vurderingar på økonomisk ressursbruk i Luster kommune samanlikna med andre kommunar på alle tenesteområde. Rådmann informerte om årsrapport og tiltaksarbeidet for å betra kommuneøkonomien.

I tillegg til kommunestyret møtte einingsleiarar, tillitsvalde og hovudverneombod på samlinga.

### **Open post:**

Ernst Veum viste til kommunalt vedtak om bygge- og delingsforbod i Solvorn i samband med kaien. Kva er skjedd vidare? Er det tidsfaktor på kor lenge eit slikt vedtak er gyldig? Kva med tingingar for å få hand om grunn til utviding av badeplassen?

Rådmann Jarle Skartun svara at det i budsjettdokumentet/planprogrammet er vedteke oppstart hausten 2017 av reguleringsplan for Solvorn kaiområde. Forbod mot tiltak vart vedteke i plan- og forvaltningsstyret 6.6.16. Det vedtaket er gyldig i 4 år.

For å kome vidare med saka må me gå via reguleringsplan. Det same gjeld for å få hand om grunn til badeplass. Me håpar på oppstart av planarbeidet til hausten.

Jon Ove Lomheim viste til at kommunen har kjøpt gamle husmorskulen på Hafslo, og at det skal vurderast kva bygget skal brukast til. Kva er status i desse vurderingane?

Rådmann Jarle Skartun svara at det er arbeidsoppdrag i budsjettet på denne saka og det er etablert ei administrativ arbeidsgruppe. Me har ein enkel tilstandsrapport på eigedomen, men har sett i gang eit arbeid for å få ei noko grundigare vurdering. Når det

ligg føre så vil me over sommarferien kome tilbake til saka. Det er kapasitetsårsaker som gjer at me ligg litt etter i saka.

Interpellasjon frå Odd Atle Stegegjerdet om einebustadtomter i Gaupne og svar frå ordførar følgjer vedlagt protokollen.

Interpellasjon frå Jon Ove Lomheim om klimautfordringar i Luster og svar frå ordførar følgjer vedlagt protokollen.

## **VEDTAK:**

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

21/17

## **Forvaltningsrevisjon av økonomi- og prosjektstyring.**

### **Handsaming:**

Leiaren i kontrollutvalet, Anders Bolstad og revisor frå Deloitte Merete Solheim Larsen møtte i saka. Larsen sin presentasjon til kommunestyret følgjer vedlagt protokollen. Leiaren i kontrollutvalet Anders Bolstad viste til arbeidet som er gjort av revisjonsselskapet Deloitte. Kontrollutvalet støttar opp om konklusjonane med tilrådingar som ligg i rapporten. Leiaren synte og til at revisor i rekneskapsrevisjonen i revisorbrev/merknad påpeikar noko av dei same forbettringsområda.

Kontrollutvalet si tilråding:

«Kontrollutvalet viser til vedlagt forvaltningsrevisjonsrapport frå Deloitte.

Forvaltningsrevisjonen viser at Luster kommune har gitt ein del overordna føringar for økonomistyring gjennom sentrale styringsdokument. Gjennom delegasjonsreglementet og økonomireglementet er det etablert tydelege prinsipp for overordna ansvar og mynde både for økonomistyring generelt og for investeringsprosjekt. Samtidig viser undersøkinga etter revisjonen si vurdering at kommunen ikkje i tilstrekkeleg grad har utarbeidd retningsliner og rutinar for sentrale oppgåver og prosessar knytt til verken økonomi- eller prosjektstyring.

Revisor kjem med følgjande tilrådingar til tiltak basert på det som kjem fram i undersøkinga:

1. Utarbeide skriftlege retningsliner og rutinar som tydeleggjer innhaldet i ansvar og oppgåver knytt til oppfølging og justering av budsjett, mellom anna tydeleggjer krav til kontroll og oppfølging av budsjett opp mot rekneskap.
2. Utarbeide skriftlege retningsliner og rutinar for prosjektstyring, som omfattar alle prosjektfasar frå prosjektinitiering til –avslutning.
  - a. Formaliserer rutinar for budsjettering og økonomistyring i investeringsprosjekt



- b. Tydeleggjer krav til gjennomføring av risikovurderingar av budsjett
  - c. Tydeleggjer krav til rapportering både til administrativ leiing og politisk nivå, som både omfattar kva tid det skal rapporterast og til kva organ, innhald i rapporteringa og form
  - d. Etablerer rutinar for evaluering av ferdigstilte investeringsprosjekt
3. Avklare og tydeleggjere kva rolle og ansvar økonomiavdelinga generelt og økonomisjef spesielt skal ha i samband med investeringsprosjekt.

Kontrollutvalet vil tilrå at tilrådingane i rapporten vert følgt opp vurdert inn det vidare arbeidet for å sikre god økonomi og prosjektstyring i Luster kommune framover.

Kontrollutvalet vil fylgje med på arbeidet og vil be om ein statusrapport hausten 2017.

Rapporten vert oversendt kommunestyret.»

#### **VEDTAK:**

Kommunestyret vedtek at tilrådingane i forvaltningsrevisjonsrapporten vert følgt opp og vurdert inn i det vidare arbeidet for å sikre god økonomi og prosjektstyring i Luster kommune framover.

Det skal leggjast fram ein statusrapport på oppfølgjingsarbeidet for kontrollutvalet hausten 2017.